OVERSIKT OVER SÆRLIGE SÅRBARE OMRÅDE

(Kart og informasjon er henta frå heimesida til Direktoratet for naturforvaltning)



Vern

- Nasjonalpark
- Landskapsvernområde
- Naturreservat
- Artsfredning
- Annen fredning
- Vernet enkeltobjekt

Drikkevasskilder :

1. Garnesvatnet
2. Mosvatnet (Hareid kommune)
3. Leiselva – Flø
4. Elv – Moldskred (vatn frå Mørkevatnet)
   a. Etter 2011 er dette reservevasskilde
5. Hammastølvatnet – drikkevasskilde for Hareid kommune

Oppdrettsanlegg :

Oppdrettsanlegg på Flø – som står på land.

Områda i Ulstein kommune som er underlagd vern etter særlovsvedtak er:

- Flø
- Grasøyane (saman med Runde, Herøy kommune)
- Alstranda
- Havågane
- Stokksundet-Blikkvågane (saman med Herøy kommune).

For oppdaterte kart ved ein aksjon vert det vist til kartverket til Kystverket. Sjå **www.kystverket.no** – og klikk inn på "Kystinfo kartløsning"

FLØ OG GRASØYANE



Flø:

Overvintringsområde for vassfugl. 5 artar av regional, 3 av nasjonal interesse. Steinkobbe har tilhald i området. Området er rikt på planteartar og -samfunn. Området ligg på nordvestsida av Hareidlandet og omfattar for det meste marine grunnområde, men med tilliggjande langgrunne strender. Området er sterkt utsett for ver og vind. Skjera utafor er stort sett snaue medan strandområda grensar opp mot hovudsakeleg dyrka mark eller utmark. Det verna området har tilgrensande dyrelivsfreding.

Grasøyane:

Består av Grasøya og fleire større og mindre skjer. Grasøya er berglendt og snau på vestsida, graskledd og med skjelsand og rullestein på austsida. Dei andre skjera er stort sett snaue. Hekkeplass for sjøfugl, ender, vadare og småfugl. Myteplass (fjørfellingsplass) for ender og gjess. Av vernereglane kjem det mellom anna fram at det er forbod mot allmenn ferdsel i området i perioden 15.4-15.8.
Eit av 4 delområde (fuglefredingsområde) i Herøy og Ulstein på til saman 1555 daa landareal og 11100 daa sjøareal.

STOKKSUNDET- BLIKKVÅGANE



Dette er eit fjordavsnitt med tilgrensande strandstrekningar på Gurskøya i Herøy og Dimnøya i Ulstein. I området er det fleire småøyar og holmar, fleire grunner og bukter langs land og ute i fjorden er det småskjer og fluer i eit straumrikt farvatn. Ein del av området ligg i Ulstein kommune. Vernearealet er på totalt til saman 1135 daa landareal og 5048 daa sjøareal.

Det er overvintring og overnattingsplass for vassfugl. 4 artar av regional, 1 av nasjonal og 1 av internasjonal interesse. I vinterhalvåret er det serleg lomar, dykkarar, skarv, sjøender og periodevis alkefugl som held til i området. I hekketida er grågås, ærfugl og måsefugl av størst interesse. Dei tette overnattingskonsentrasjonane av sjøender gjer området serleg interessant i forskingssamanheng.

ALSTRANDA



Bratt, søraustvendt skogsli med edellauvskog med rik urteflora. Alm-hasselskog, kvit skogfrue i nordenden. Mykje kristtorn. Denne lia er den einaste større skogslia med varmekjær vegetasjon i Møre og Romsdal som framleis er heilt urørt. God småfuglbestand med fleire kravfulle lauvskogsartar.

HAVÅGANE



Havågane er eit naturreservat på 6 daa. Blåbær-eikeskog med varmekjære (lågurt) innslag i sørvestvendt skråning mellom riksvegen og sjøen. Innslag av bjørk og hassel i tresjiktet. Truleg det største eikebestanden på Nordvestlandet. Grenser mot sjø, bjørkeskog og dyrka mark.